

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	Skav	Fylke:	Vest-Agder
Tilleggsspørsmålnr.		Herad:	Gyland
Emne:		Bygdelag:	Nuland
Oppskr. av:	Lars Fr. Nuland	Gard:	Nuland
(adresse):	Nuland p.å.	G.nr.	78 Br.nr. 5.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *eigi røynsle*
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- Noke serleg samnamn er ikkje kjend.
- Skav var mykje nytta fyrr, men no berre i dei år det er lite for og dei har lageleg folk til å skava
- 3) Skava, skov, hev skave.
- 4) Skav er kjent og vor nytta solenge eg minnest, men meir tidlegare. Det er rekna for gott hjelpefor, som vert bruka mykje i vanskelege år.
- 5) Det treslag som er mest nytta er: Eik, Osp, Raun. Kjenner ikkje til at nokon av dei andre slag er nytta.
- 6) . Eg kjenner ikkje til ordet skjevla, som sert namn på noko treslag.
- 7) kjenner ikkje det rimet.
- 8) Det var helst kyra som fekk skav, men det hende nokk at småkreturene og fekk. Det var helst om vinteren dei bruka skav og messt på vårkanten når høyet minka, dei gav skavet helst åleine i eit mål
- 9) Gott skav var rekna for verdfullt for, og når det var lite høy, kunde det auka med mjølka når kyra fekk skav, som og kunde syna att på fløyten.
- 10). Fleire måtar er kjent, men dei som hadde skovved i nærleiken av heimen gjekk helst avstad etter ei byrd skovved for dagen og bar heim, Andre som hadde hest kunde hogga ned større mengder og køyra heim lass, som vara i lenger tid, både for vedenysi skuld og for skavet
- 11) Ein kallar veden, Skovved, helst dei skavne strengler, som vart nytta til ved.
- 12.) Det var helst rekna som naudfor, og som eit for som gav mykje arbeid. Det var rekna som ei ulukka at ein hadde så lite høy, at ein var nøydd til å skava. men visst ein hadde lageleg folk til å gjera arbeidet,

skav 2.

var det ei anna sak. Når det var lageleg gamle menn, foloaug= folk o.l. som kunde sitja skava, kørde husbonden gjerne heim skav og sette desse til å skava, både for foret, veden og for å nytta arbeidskrafti deira ut.

13). Kjenner ikkje gjerningsordet marka.

14). Dei held seg inne i stova med sjølve skavinga. Veden hogg dei i passande lengder ute. Kjenner ikkje til noko serleg med hentinga av skovved

16) .Dei sat helst inne i stova og skov. Dei hadde då sett opp ein staur, som gjekk frå golvet opp i bjelken, so heldt dei kniven med høgre hand på andre sida stauren og skovveden i vinstre hand og drog veden atover mot knivseggen so dei fekk fliser av borken .Dei bruka skavljà. D.v.s. ein lang kniv som var laga av ein gamal smal ljå. Det var handtak bare i eine enden , eller tulla ei fille kring enden til handtak.

17) Måten dei skov på er nemnd ovanfor, men det var nokk dei som nytta krakk med ein sterk pinne i til å halda skavljàen mot. Hesjestolpar var helst av fura og vart skavne med banekniv, men dei nytta ikkje slik bork til for.

18) ja, stong frå golvet var mest vanleg brukt. men eg kjenner ikkje namnet skavhæl

19) Dei sat på ein stol eller krakk og heldt skavljàen mot stongi med høgre hand, heldt skovveden med vinstre under ljåen og drog den mot ljåeggen so det vart lange fliser. Det var kunst å halda ljåen rett so den tok pasande gjupt i veden og gjekk lett over knutor og ujamne parti på skovveden .

20) ein kalla det skovved.

21) .Har ikkje haurt anna namn enn skav.

22) Ein skjev ikkje mindre enn fingertjukke pinnar, men ellers så store som ein med rimelighet kan halda. Likevel så, at ein tek omsyn til borken, om den er tynn og etande.

23). Dei skavne strengler kallar ein (spergar) *Sprega*.

24) Ein tok helst bare borken ned mot veden .

Det var stor vane med å skava, dei som var vande kunde rekkja mykje meir enn uvande, Men det var eit arbeid helst for gamle folk og legdekallar som lite anna kunde gjera.

25) veden vart nytta som annan ved, både i omen og under gryta.

26) Ein nyttar endå skav, men helst når eit har lite høy, då ein no har mindre tid til slikt.